

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtested: Teams
Dato: 01.02.2021
Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til underteikna eller til Eldrid Nedrelo.

Vararepresentanter møter etter nærare beskjed.

Med helsing

Kari Sveen
nasjonalparkforvaltar

Telefon: 61 26 62 03

Mobil: 948 80 564

E-post: FMOPKSV@statsforvalteren.no

Web: www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen/

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv- saksnr |
|--------------------|--|--------|------------------|
| ST 1/2021 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| ST 2/2021 | Referatsaker | | |
| RS | Mulighetsstudie - Utsiktspunkt Vettisfossen - Dronninga Landskap | | 2019/12439 |
| RS | Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Referat frå prosjektgruppemøte 07.01.21 | | 2019/12439 |
| RS | Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Finansiering og Stiarbeid - Referat frå møte med DNT Oslo og Omegn 13.01.21 | | 2019/12439 |
| RS | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - tilbakemelding - oppsummering etter møte med KLD 081220 | | 2020/5699 |
| ST 3/2021 | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Møteplan 2021 | | 2021/896 |
| ST 4/2021 | Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel 2021 - Transport av personell og utstyr for filmopptak på Gjende - Storm Film AS | | 2021/747 |
| ST 5/2021 | Jotunheimen NP - Dispensasjon - Tilslutnad til NVEs godkjenning av detaljplan for landskap og miljø - Memurubu Kraftverk - Kjetil Sveine - Kleppconsult AS | | 2018/618 |
| ST 6/2021 | Jotunheimen NP - Løyve til bruk av kommersiell logo - Aktiv i Lom AS | | 2021/205 |
| ST 7/2021 | Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - 2020 - 2025 - Fanaråken opp - IL Fanaråk | | 2020/11941 |
| ST 8/2021 | Eventuelt | | |

ST 1/2021 Godkjenning av innkalling og sakliste

ST 2/2021 Referatsaker

**Mulighetsstudie - Utsiktspunkt Vettisfossen - Dronninga Landskap
2019/12439**

**Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Referat frå
prosjektgruppemøte 07.01.21 2019/12439**

**Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen -
Finansiering og Stiarbeid - Referat frå møte med DNT Oslo og Omegn
13.01.21 2019/12439**

**Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - tilbakemelding -
oppsummering etter møte med KLD 081220 2020/5699**

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2021/896-2

Saksbehandlar: Eldrid Nedrelo

Dato: 19.01.2021

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 3/2021 | 01.02.2021 |

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Møteplan 2021

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen godkjenner følgjande møteplan for resten av 2021, med fastsetting av dato der det er fleire alternativ å velja i:

| Dato | Alternativ dato | Ramme for møtet |
|-------------------|---|--|
| 1. februar | | Teams. Hastesak og møteplan. |
| 16. februar | | Teams. Nasjonalparkkonferanse. Arrangør: Miljødirektoratet. |
| 15. mars | 22. mars | Teams. Budsjett 2021, fordeling av tiltaksmidlar. |
| 19.apr | 26. april | Teams. Budsjett 2021, fordeling av tiltaksmidlar. Går ut dersom vi har fått budsjetta før midten av mars |
| 14. juni* | 7. juni | Styremøte og synfaring i Vang eller Øystre Slidre. Rådgjevande Utval. |
| 16.-17. september | 6.-7. september 13.-14. september 20.-21. september I tilfelle er det mogleg felles fagdag med andre styre går ut. | Dag 1. Styremøte og synfaring på Sognefjellet. Dag 2. Felles fagdag med Jostedalsbreen nasjonalparkstyre og Breheimen nasjonalparkstyre i Jostedalen, Luster kommune. |
| 22. november | 8. november 15. november 29. november | Fysisk møte. Vågå/Vang/Øystre Slidre. Søknad tiltaksmidlar |
| 6. desember | 13. desember | Teams, ved behov? |

Møtekalendaren blir supplert med møte i Arbeidsutvalet dersom det kjem saker som krev raskare avklaring og som ikkje er rutinesaker med høve til administrativ behandling.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Samanstilt kalender som viser datoar for kommunestyre, formannskap, fylkesting, fylkesutval og fylkeskomitear, og ut frå dette aktuelle ledige datoar.

Vurdering

I møteplanen må ein prøve å unngå datoar for kommunestyre, formannskap, fylkesting og fylkesutval og fylkeskomitear. Dette er møte der både fast representant og vararepresentant vil vera opptekne samtidig. Ut over dette må ein kunne rekne med å nytte ordninga med vararepresentant i enkelte høve.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades.

Ein har ikkje praktisert ordning med møteplan for Arbeidsutvalet, då desse møta vil vera styrt av saker som kjem inn. Dersom det kjem hastesaker som er av slik karakter at dei ikkje bør delegerast, kan ein i samråd med leiar vurdere ekstra styremøte. Desse blir gjerne gjennomført som telefonmøte eller e-postmøte.

På bakgrunn av møtekalender lagt ut på kommunale og fylkeskommunale nettsider har ein prøvd å finne ledige datoar.

Forslag til plan:

| Dato | Alternativ dato | Ramme for møtet |
|-------------------|---|--|
| 1. februar | | Teams. Hastesak og møteplan. |
| 16. februar | | Teams. Nasjonalparkkonferanse. Arrangør: Miljødirektoratet. |
| 15. mars | 22. mars | Teams. Budsjett 2021, fordeling av tiltaksmidlar. |
| 19.apr | 26. april | Teams. Budsjett 2021, fordeling av tiltaksmidlar. Går ut dersom vi har fått budsjetta før midten av mars |
| 14. juni* | 7. juni | Styremøte og synfaring i Vang eller Øystre Slidre. Rådgjevande Utval. |
| 16.-17. september | 6.-7. september 13.-14. september 20.-21. september I tilfelle er det mogleg felles fagdag med andre styre går ut. | Dag 1. Styremøte og synfaring på Sognefjellet. Dag 2. Felles fagdag med Jostedalsbreen nasjonalparkstyre og Breheimen nasjonalparkstyre i Jostedalen, Luster kommune. |
| 22. november | 8. november 15. november 29. november | Fysisk møte. Vågå/Vang/Øystre Slidre. Søknad tiltaksmidlar |
| 6. desember | 13. desember | Teams, ved behov? |

*Dersom styret ønskjer å møte rådgjevande utval, kan ein prøve å samordne med ei felles dagssamling, tilsvarande den som var i Årdal i 2020. Møte i Rådgjevande utval rullerer mellom kommunane etter ein fast plan, og i år skal møtet vera i Vang. Møta blir vanlegvis avvikla i september, for å få med ei oppsummering etter hovudsesonen, for ha opne fjellovergangar og moglegheit for å gjera eventuelle synfaringar på berrmark. Men av omsyn til ønsket om ei felles styresamling i Luster i september, er det aktuelt å legge møtet i Rådgjevande utval til juni. Ved felles samling med rådgjevande utval kan det vera aktuelt med frammøte dagen før, eller avreise dagen etter, for å kunne nytte møtedagen fullt ut.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2021/747-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 18.01.2021

| Utval | Utvalgssak | Møtedato |
|---|------------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 4/2021 | 01.02.2021 |

Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel 2021 - Transport av personell og utstyr for filmopptak på Gjende - Storm Films AS

Innstilling fra forvaltar

Med hjemmel i naturmangfaldlova § 48 første ledd, jf. § 4 i verneforskrift for Jotunheimen, får Storm Films AS dispensasjon for bruk av snøscooter i forbindelse med produksjon av en ny norsk familiefilm basert på filmklassikeren *Tre nøtter til Askepott*. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen vurderer det slik at innspillinga kan profilere området og nasjonalparken på en måte som kan gi positive ringvirkninger for reiselivet i regionen.

Dispensasjonen innvilges med følgende vilkår:

- Dispensasjon for motorisert ferdsel gjelder for 2 dager innen perioden 16.-23. februar. Dersom vær- og føreforhold skaper problem med gjennomføring, kan det gis inntil 2 dager til. Filming bør så langt det er praktisk mulig gjennomføres i starten av perioden, for å unngå motorferdsel i helg og starten av uke 8 (vinterferieuke deler av Østlandet)
- Dispensasjonen gjelder transport av utstyr/personell med inntil 4 snøscootere med slede.
- Med tanke på å begrense motorferdselen til et minimum legges det til grunn at forhåndsbefaring kan skje til fots/på ski/på truger.
- Dispensasjonen gjelder for østre del av Gjende. Det blir ikke gitt tillatelse til motorferdsel lenger vest enn til utløpet av elva Muru ved Memurubu.
- Statens naturoppsyn vil kunne inspisere aktiviteten etter behov. SNO v/ Rigmor Solem skal varsles om opptaksdato senest dagen før (tlf. 959 65 158 – e-post rigmor.solem@miljodir.no)
- Omfanget av scootertransport må begrenses til det som er strengt nødvendig for å gjennomføre gode opptak på en effektiv måte. Det skal tas særlig hensyn til andre som måtte befinne seg i området.
- Filmopptak som blir vist i produksjonen skal ikke vise motoriserte aktiviteter, men formidle aktiviteter som skjer i pakt med naturen og innen rammene for verneforskrifta.
- Området skal ryddes grundig etter opptak, slik at ingenting blir liggende igjen på isen.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad mottatt 16. januar 2021, vedlagt presentasjon av filmprosjektet.

Saksopplysninger

Storm Films AS søker dispensasjon for motorferdsel på Gjendeisen. Utdrag av søknaden:

«Vi i Storm Films AS har uttrykt vår interesse for å benytte Gjende som film-location til innspillingen av «Askepott». Etter nøye overveielse har ønsket vårt vokst, og vi sender med dette en formell søknad om tillatelse til å filme på Gjende.

«Askepott» er en ny norsk spillefilm basert på den kjente, tsjekkiske klassikeren «Tre Nøtter til Askepott». Manuset er skrevet av Kamilla Krogsveen (Jørgen + Anne = Sant, Reisen til Julestjernen) og Karsten Fullu (Solan og Ludvig - Jul i Flåklypa, Dyrene i Hakkebakkeskogen). Filmen vil regisseres av den prisbelønte regissøren Cecilie Mosli og fotograferes av Trond Tønder (Askeladden, Grand Hotel, Doktor Proktors tidsbadekar). Mer informasjon om prosjektet står i vedlagt prosjektbeskrivelse. På det islagte vannet Gjende ønsker vi å fange den eventyrlige vinterstemningen gjennom sledekjøring og hesteridning.

De aktuelle opptakene vil finne sted i perioden mellom 16 februar t.o.m. 23 mars, 2021. Vi estimerer at vi totalt kommer til å filme på vannet i ca. 2 dager i denne perioden. I tillegg vil det være behov for å gjøre en teknisk befaring på Gjende 26 og 27. januar 2021.

Vi håper å kunne få tillatelse til opptak og ferdse med totalt fire snøscootere med slede for å få gjort filmopptakene på vannet. Vi vil behandle naturen i området med stor respekt og sørge for at vi ikke etterlater oss spor når vi forlater stedet.

Produksjonen sørger selv for å få sjekket isen av sertifiserte firmaer og vi leier inn snøscootere og scootersjåfører lokalt i område rundt Gjende.»

Kort utdrag fra det vedlagte prospektet som beskriver den planlagte produksjonen:





THREE WISHES FOR CINDERELLA



We want to bring out the magical and enchanting elements from the woods of Mattiskogen where Ronja the Robber's daughter roams, or the Sherwood Forest where Robin Hood and his friends meet under the big oak. It is important to emphasize the contrasts between the simple and the grand, and we must have textures such as tree, stone and wadmal, but also velvet and silk.

If there is ever a time to be nostalgic, it is during Christmas. Through elements in the storytelling, locations and wordplay in repartee we will evoke nostalgia in the best possible way. This is where the music plays a big role. Music triggers our emotions and when the opening scene, accompanied by the iconic, magical flute theme appears on the screen, the audience will be filled by Christmas spirit.

We want to rerecord the original music, and all new music created will be inspired by the same themes and atmosphere. This will not only lift the film's score, but also emphasize the nostalgia and create an unforgettable Christmas experience we can enjoy year after year.

I want to give the children a fairytale full of humanism and hope. I want to show them that they can conquer evil and that the good will prevail. Great stories can be retold over and over again and now is the time to tell the fairytale of *Three Wishes to Cinderella* for our generation. A nuanced drama rather than a simple children's story – a drama filled with romance, joy, action and excitement that will leave our audiences breathless. A version with modern gender roles and a Cinderella that can attain a life on her own terms. And as in any proper Christmas fairytale, there will be an emotional rollercoaster.

An unforgettable Christmas experience for the entire family and if we are lucky; a new Christmas tradition.



Søknad om motorferdsel i forbindelse med teknisk befaring i januar kommer for sent til å få styrebehandling før 26./27. januar. Dette ble kommunisert til kontaktpersonen i Storm Films da vi mottok søknaden, og med tanke på å begrense motorferdselen til et minimum bør befaring uansett kunne skje til fots/på ski/på truger.

Hjemmelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhold av reviderte vedtekter gjeldende fra 01.01.2020.

Verneformål – forskrift

Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.14 har et generelt forbud mot motorferdsel i nasjonalparken (§ 3 pkt. 6.1). Det er ikke spesifisert unntaksregel for motorferdsel i forbindelse med denne typen aktivitet, og søknad om dispensasjon må derfor behandles etter den generelle dispensasjonshjemmelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfoldlova § 48.


Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet fra 2008 blir brukt som veiledende dokument til ny revidert plan er godkjent. Kap. 8.15.5 *Dispensasjonspraksis* pkt. h) gir følgende føringer for motorferdsel i forbindelse med kommersielle formål som underholdningsfilmer o.l.:

h) løyve til transportoppdrag for mediaformål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/undervising som formål, bli gjeve. Reklamefilming skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmar o.l. Det kan vere aktuelt å gje løyve til motorferdsel til å dekkje nyhende som blir vurdert som viktige.

Forvaltningsplanen åpner altså ikke for reklamefilming, men er ikke helt kategorisk når det gjelder spillefilmer. Men også her er rådet å unngå tiltak som medfører motorferdsel.

Forvaltningsplanen deler inn verneområdet i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tas det sikte på å bevare områdene markert med grønt på forvaltningsplankartet mest mulig uforstyrret. Sonene gjelder både for tekniske inngrep og for ulike aktiviteter som for eksempel motorferdsel, bruk av droner m.m. Kartutsnittet under viser sonedelinga i forvaltningsplanen:



Østre del av Gjende ligger innen Teig 6 – *Gjende aust-/Besseggen-/Besshø-området*.

Dette er såkalt brukssone med bl.a. følgende føringer i overordna strategi i kap. 6.3.2.: «*Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte*

på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern. - - - I nokre område i brukssona kan det gjevast løyve til ulike arrangement , sjå omtale under teiginndelinga - - -»

Naturmangfoldlova

Naturmangfoldlova § 48 setter svært strenge krav til når en dispensasjon eventuelt kan vurderes, men åpner for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig»*. Begge vilkår må være oppfylt. Dispensasjon *må* heller ikke gis om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksjer fra overordna myndigheter spiller også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikke brukes for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uforutsatte eller spesielle tilfeller som ikke var vurdert på vernetidspunktet.

Formålet med vern av nasjonalparken er *«- - - å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *- - -*
- *- - -*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Alle dispensasjoner skal også vurderes etter prinsippene i naturmangfoldlovas §§ 8-12.

Presedens

Det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i nml § 48 ikke kan brukes for å utvide rammene gitt i vernevedtaket, så det er svært viktig å vurdere presedensvirkningen nøye.

Likebehandlingsprinsippet gjør at det kan bli vanskelig å sortere mellom de mange aktørane som ønsker å filme innen nasjonalparken. Kommersielle produksjoner som krever bruk av motoriserte hjelpemidler søkes fortrinnsvis lagt utenom verneområdet. Enkelte ganger kan det være vanskelig å finne en lokalitet som gir det riktige uttrykket, og det ble i 2013 gitt dispensasjon for filming av en scene som skulle foregå i villmark i serien *Lillyhammer*. Også denne innspillinga var på Gjende-isen, med høge fjelltopper og ingen spor av bebyggelse.

Det blir satt tydelig skille mellom de sårbare grønne sonene og de mer robuste områdene vist med gult i forvaltningsplanen, men også i gule soner er det viktig å unngå at det på sikt blir så mange unntak at det uthuler forbudet som er tydelig uttrykt i verneforskrifta for nasjonalparken. I vurderingene her blir det lagt vekt på om de aktuelle områdene tåler markedsføringa som filmen bidrar til, og om aktivitetene i seg sjøl vil gå vesentlig ut over verneverdiene. Vi ser også på om produksjonen kan nå et bredt publikum og om innholdet i filmen formidler området på en måte som er i tråd med bruken av verneområdet. Filmene kan altså ikke vise motoriserte aktiviteter, men avgrenses til aktiviteter som kan skje innen rammene for vernet.

Vurdering

Innspillinga kan være god markedsføring for Jotunheimen generelt og for bedriftene i Sjudalen spesielt. Innspillingsperioden kan også være et positivt bidrag i en ellers stille periode for de lokale bedriftene. Det er søkt om innspilling i perioden 16.-23. februar, og de regner med å ha aktivitet i ca. to dager.

Aktiviteten skjer i utkanten av verneområdet, innen sone i forvaltningsplanen der en har åpnet for enkelte dispensasjoner for aktiviteter knytta til profilering/markedsføring. Det finnes ikke gode lokaliteter utenfor verneområdet, da scenene som skal spilles inn skal ha det urørte preget og det dramatiske landskapet som en finner nettopp her ved Gjende. Området ligger nær bilveg, men gir samtidig inntrykk av at en er langt inne i villmarka. Dette inntrykket kommer først fram etter at en har kryssa vernegrensa, der en får de bratte fjella i bakgrunnen og på sidene som en spektakulær ramme rundt scenen som skal spilles inn.

Tiltaket blir vurdert å ha stor markedsføringsverdi for reiselivet i regionen, i tillegg til at en får verdifull aktivitet i en ellers stille periode under innspillinga. Potensiell verdiskaping blir vurdert som stor. Gjende er den mest trafikkerte brukssonen i parken, men aktiviteten vil være til liten sjenanse for andre brukere av området. Det å gå på isen er mindre spennende enn å bruke terrenget rundt, og før turisthyttene inne i parken åpner til påske er det knapt noen som går fra hytte til hytte på ski etter denne traseen på Gjende. Det vil være få eller ingen brukere av området som vil bli sjenert av filminnspilling på isen et par dager i februar.

Det er positivt at det leies inn snøscootere og scooterførere lokalt.

Filmen legger vekt på naturopplevelser, og storslått natur er en del av rammen rundt filmen. Scenen med Askepott som rir inover isen i vinterlandskapet ved Gjende vil vise området på en annen årstid enn det som vanligvis profileres i turistreklamer. Det å ri er tillatt innen nasjonalparken så filmen vil ikke vise aktiviteter som ikke er forenlig med verneformål og verneforskrift.

Vurdering etter naturmangfoldlova §§ 8-12:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfold og bruk av området ved Gjende er godt. Begrensa snøscootertransport på isen i utkanten av nasjonalparken i en kort periode i februar vil knapt påvirke dyrelivet eller andre brukerinteresser i verneområdet.
- Føre-var-prinsippet (§ 9) tilsier at det føres en streng praksis når det gjelder motorferdsel i verneområdet. Bruk av snøscooter på isen vil medføre noe støy en kort periode, men blir ikke vurdert å gi noen innvirkning på naturmangfoldet.
- Etter § 10 "*Økosystemtilnærming og samlet belastning*" skal et vedtak vurderes opp mot samla påvirkning, om en dispensasjon kan skape presedens, og dermed bidra til gradvis forringing av området og uthuling av verneforskrifta. Forvaltningsmyndigheten følger en generelt streng praksis for motorferdsel i nasjonalparken, og en ser ikke for seg at det vil oppstå mange saker av lignende karakter. Det er relativt sjelden at regionen får besøk av store filmproduksjoner, og i dette tilfellet er det storslåtte naturlandskapet i Jotunheimen noe som er med og skaper den riktige stemninga i filmen. Det forutsettes at all motorferdsel knytta til innspillinga skjer innen brukssonen i teig 6 på plankartet – dvs. øst for Memurubu. Det vil skape uheldig presedens om en åpner for å øke aktiviteten på vestre del av Gjende, jf. kartet fra forvaltningsplanen.
- § 11 om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» innebærer at området må ryddes grundig. Ingenting kan ligge igjen på isen etter avslutta aktivitet.
- § 12 *Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetode*: Planlagt filmproduksjon vil ikke kunne gjennomføres uten motoriserte hjelpemiddel, pga. tungt utstyr og krav til effektive opptak. Det ble også søkt om motorferdsel i forbindelse med teknisk befaring i januar. Søknaden kom for sent til å få styrebehandling før 26./27. januar, men med tanke på å begrense motorferdselen til et minimum bør befaring uansett gjennomføres til fots/på ski/på truger.

Konklusjon:

Forvaltningsplanen forutsetter i utgangspunktet at denne typen innspillinger bør legges utenom verneområdet. En ser samtidig at lokalisering innenfor nasjonalparkgrensa får fram det helt magiske villmarksinntrykket som filmteamet er ute etter. Potensiell verdiskaping blir vurdert som stor, og aktiviteten vil ha liten innvirkning på verneverdiene. Det vil bli litt støy i et

begrensa tidsrom, men ingen varige spor. Forutsatt at scenene som spilles inn ikke viser motorisert aktivitet, kan filmen profilere nasjonalparken og området som vinterdestinasjonen på en positiv måte. Ulempene for andre brukerinteresser er vurdert som minimale. Så lenge en holder aktiviteten på østre del av Gjende, innen teig 6 i forvaltningsplanen, og unngår motorisert aktivitet lenger vest enn til utløpet av elva Muru ved Memurubu blir det ikke vurdert at tiltaket vil skape uheldig presedens.

Arkivsaksnummer: 2018/618-12

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 22.01.2021

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 5/2021 | 01.02.2021 |

Jotunheimen NP - Dispensasjon - Tilslutnad til NVEs godkjenning av detaljplan for landskap og miljø - Memurubu Kraftverk - Kjetil Sveine - Kleppconsult AS

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til NVE si godkjenning av detaljplan for Memurubu minikraftverk, i tråd med vilkåra og vurderingane som går fram av vedlagt vedtak datert 05.01.2021. Dispensasjonen er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48. Hovudpunkta i godkjenninga er oppsummerte i følgjande vilkår i vedtaket frå NVE:

«Godkjenninga av detaljplan for miljø og landskap gis på følgjande vilkår:

1. Nasjonalparkstyret og NVE skal i god tid inviteres til oppstartsmøte, orienteres om når arbeidene med inntak, rørgate og istandsetting starter, når anlegget blir satt i drift og når arbeidene er avsluttet. Vi skal også orienteres ved endringer i forhold til godkjent detaljplan, viktige eller kritiske faser i prosjektet.
2. Sprengningsarbeidene for etablering av inntak skal gjennomføres så skånsomt som mulig, bl.a. ved å vurdere mulighetene for å følge naturlige slepper, pigging og eventuelt sømborner for å oppnå pene flater. Sprengstein i terreng som en følge av sprengning skal ikke forekomme.
3. Nasjonalparkstyret og NVE skal ha anledning til å uttale seg til en eventuell plan for transport av anleggsmaskiner og materiell mellom gammelt og nytt inntak.
4. Dere må sende inn en ny komplett plan for slipp og dokumentasjon av pålagt minstevannføring for godkjenning.
5. Plan for bygging av lukehus ved inntaket skal godkjennes av NVE og Nasjonalparkstyret.
6. Anleggsbredden for legging av rørgate settes til maksimum 8 meter.
7. I anleggsfasen skal vegetasjon i arealer med godkjenning som midlertidig arealbruk, skånes så langt som råd ved å vurdere bruk av duk, skytematter og etablering av klipper.
8. Det skal vurderes gjennomføring av fortløpende istandsetting. Ved tilbakeføring av arealer lik urørt terreng, skal det nyttes naturstein og innplantning av vegetasjon der hvor det er aktuelt.
9. Vi skal godkjenne utkast til opplysningsskilt og foreslått plassering. Skiltene skal tilfredsstillende våre krav til informasjon for allmennheten.
10. Senest 1 måned etter idriftsettelse av kraftverket skal dere sende inn melding om dette til oss på skjema som ligger på vår hjemmeside (<https://www.nve.no/om-nve/skjema-ograpporteringsordninger/>).

Nasjonalparkforvaltarane får fullmakt til å opptre på vegne av nasjonalparkstyret ved avklaring av detaljar under synfaring – jf. pkt 1 i vilkåra, men styreleiar skal varslast om synfaringane for å vurdere om han eller andre frå styret ønskjer å delta.

Tiltakshavar må i god tid før anleggsstart leggje fram ein samla plan for nødvendig motorferdsel knytt til transport og anleggsarbeid under utbygginga, og søkje om nødvendige dispensasjonar i høve til verneforskrift og motorferdselova med forskrifter. Anleggsarbeidet skal rette seg etter vilkår som er sett i NVE si godkjenning av detaljplanen, medan transport inn og ut av anleggsområdet er ei sak som må behandlast av NP-styret og kommunane. Det vil bli sett særleg fokus på tiltak i området mellom eksisterande inntak ved kote 1110 og det nye inntaket ved kote 1141. Nasjonalparkstyret føreset at motorferdselplanen og utbygginga innrettar seg etter dei føresetnadene som er lagt til grunn da konsesjonssaka vart behandla, der utgangspunktet var at det skulle nyttast helikopter under bygging av inntaket og øvre del av røyrgata på vestsida av Hestbekken. Eventuelle tilpassingar må følgjast opp i tråd med pkt. 3 i vedtaket frå NVE. Det er verdt å merke seg at Nasjonalparkstyret skal *godkjenne* dei ulike formene for motoriserte hjelpemiddel som det vil vera behov for i samband med utbygginga, og ikkje berre uttale seg – jf. verneforskrifta § 3 pkt. 6.1.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Detaljplan for Memurubu kraftverk utarbeidd av Kleppconsukt v/ Johannes Flaata. <http://www.nasjonalparkstyret.no/EPiServer/CMS/edit/default.aspx?id=1582>
- Vedtak datert 05.01.2021 - Godkjenning av detaljplan for landskap og miljø - Memurubu kraftverk. NVEs referanse: 201842008-13. Vedlegg til saka.

Tidlegare dokument:

1. Søknad om konsesjon for oppgradering av Memurubu kraftverk med vedlegg:
 - a. Vedlegg 1. Hydrologirapport. Skjema hydrologiske forhold Memurubu
 - b. Vedlegg 2. PRODUKSJONSBEREGNING - Memurubu 50% (Heimdalsvatnet)
 - c. Vedlegg 3. Memurubu småkraftverk – Biologisk mangfald – rapport 19. januar 2018
 - d. Tillegg: Alternativ røytrase - Memurubu Kraftverk
2. Høyringsbrev og orientering om prosess vedrørende søknad - Jotunheimen nasjonalpark
3. Referat synfaring Memurubu kraftverk 25.09.18
4. Innkomne uttaler / innspel frå høyringspartar
5. Energianalyse for Memurubu Turisthytte utarbeidd av seniorrådgj. Nils Ola Strand, 2016
6. Sak 36/2018 i Nasjonalparkstyret med tilhøyrande bakgrunnsdokument - Overordna vurdering av konsesjonssøknad etter verneforskrifta
7. Søknad av 13.12.18 frå Kleppconsult - *Søknad om sikkerhetsklassifisering av dam og trykkrør ved Memurubu minikraftverk Lom Kommune Oppland Fylke*
8. Rapport 19.12.18 frå Kleppconsult AS - *Svar fra tiltakshaver på innkomne høringsuttalelser vedrørende konsesjonssøknad for Memurubu Minikraftverk*
9. Brev av 18.01.2019 frå NVE - Vedtak om klassifisering av dam og vassveg Memurubu minikraftverk
10. Sak 16/2019 i Nasjonalparkstyret med tilhøyrande bakgrunnsdokument - *Konsesjon - Opprusting og utviding av Memurubu Kraftverk*
11. Konsesjon datert 29.04.2019. <http://www.nasjonalparkstyret.no/EPiServer/CMS/edit/default.aspx?id=1582>
12. Kopi av søknad til NVE oversendt 10.03.20 frå Kleppconsult - Detaljplan for oppgradering Memurubu Minikraftverk i Gjende - Jotunheimen Nasjonalpark - Lom Kommune

13. Notat av 02.04.2020 frå nasjonalparkforvatninga for Jotunheimen ved Kari Sveen – Merknader til enkelte punkt i detaljplanen
14. Notat frå Kleppconsult etter feltbefaring 12.08.20
15. Sak i 35/2020 i Nasjonalparkstyret - orientering om status på detaljplanlegging av minikraftverk i Memurubu - tilbakemelding på forslag til justering av røyrgatetrase.

Saksopplysningar

Ved Memurubu har det vore minikraftverk som dekkjer ein stor del av energibehovet ved turisthytta frå 1972, og verneforskrifta har heimlar for at anlegget skal bestå og driftast. Anlegget er nær 50 år, og oppgradering er nødvendig.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjorde i møte 12.11.18 eit overordna vedtak om dispensasjon etter verneforskrifta, som opna for å gå vidare med planane om oppgradering og utviding av Memurubu Kraftverk, sak 36/2018.

Innan verneområde er det forvaltningsmyndigheita som er konsesjonsmyndigheit. Med heimel i vassressurslova § 33 gav Nasjonalparkstyret i sak 16/2019 konsesjon for Memurubu Kraftverk, med vilkår slik det går fram av vedlegg 3. Dette danna saman med vedtak i sak 36/2018 i Nasjonalparkstyret og NVE sitt vedtak av 18.01.2019 om konsekvensklassifisering grunnlaget for vidare detaljplanlegging av tiltaket.

Etter at konsesjonen vart gjeve, har tiltakshavar gått vidare med detaljplanane for kraftverket. Denne er godkjent av NVE som fagmyndigheit, sjå vedlegget. Saksbehandlar i NVE har hatt dialog med nasjonalparkforvaltar i samband med godkjenninga.

I tillegg til godkjenninga av detaljplan for gjennomføring av utbygginga, må tiltakshavar også innhente nødvendige løyve for motorferdsel – i god tid før anleggsstart. Nasjonalparkstyret skal med heimel i verneforskrifta godkjenne motorferdsel som er nødvendig i utbygginga. Motorferdsel må også behandlast av dei berørte kommunane, Lom og Vågå, som myndigheit etter motorferdsellova. Anlegget ligg i Lom, men ein del av transporten vil gå på innsjøen Gjende, som ligg i Vågå kommune.

Tiltakshavar må leggje fram ein søknad om dispensasjon for motorferdsel, som gjer greie for korleis transportbehov og anleggsverksemd er tenkt løyst. Dette blir tilrådd lagt fram som ein samla plan, som gjer greie for følgjande:

- Transport av materialar og utstyr på vinterføre
- Transport av materialar og utstyr ved hjelp av flåten på Gjende
- Bruk av heilkopter til transport og hjelpemiddel under anleggsarbeidet
- Maskinar og transportmiddel til bruk i anleggsarbeidet og intern transport innan anleggsområdet på berrmark

Transportplanen må gjera greie for alle motoriserte hjelpemiddel som er tenkt brukt og i kva periodar motorferdsla vil foregå. Det er truleg vanskeleg å anslå tal turar i eit såpass omfattande arbeid, så avgrensingane må heller skje ved tidsrom for transport og definisjon av transportmetode og trasear for dei ulike formåla.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020.

Det er gjort grundig greie for myndigheit etter vassdragslova i sak 16/2019, da styret gav konsesjon for Memurubu Kraftverk.

Verneformål – forskrift

§ 3, pkt.1.1 gjev i utgangspunktet vern mot alle inngrep i landskapet:

«Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, opplag av båtar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmende.»

Forvaltningsstyresmakta kan i medhald av § 3 pkt. 1.3 j) gi løyve til:

«Oppgradering/fornyng av kraftanlegg og kraftlinjer som ikkje fell inn under pkt. 1.2 h.»

§ 3 pkt. 1.3 j) er ein spesifikk dispensasjonsregel i verneforskrifta knytt til oppgradering/ fornyng av kraftanlegg. Det vert vurdert at utviding av kraftverket med ny påverka strekning i vassdraget og forlenging av røyrgata ikkje kjem inn under denne paragrafen. Saka må då bli vurdert etter den generelle dispensasjonsregelen i § 4 i verneforskrifta som er erstatta av naturmangfaldlova § 48. Det er strenge vilkår knytt til dispensasjon etter denne regelen: *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig».*

Forvaltningsplan

Utkast til forvaltningsplan (2008) er brukt som rettleiande dokument. Det er allereie gjort vurdering av at kraftverket kan byggast. Når det gjeld inngrep gjev planen slike føringar: *«Fylkesmannen meiner at mikrokraftanlegg nokre gonger kan vere ei løysing dersom inngrepa er små, lite synlege, inntaket av vatn lite og at krafta skal brukast på staden.»*

Naturmangfaldlova

Alle tiltak vert vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12, i tillegg til dispensasjonsheimel i § 48.

Presedens

Spørsmål om presedens er grundig vurdert i sakene 36/2018 og 16/2019.

Vurdering

Detaljplanen er med ein del vilkår godkjent av NVE, men skal også behandlast etter verneforskrifta av nasjonalparkstyret som forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen NP. Detaljplanen forhold seg i stor grad til dei overordna føringane gitt i tidlegare vedtak i Nasjonalparkstyret – sak 36/2018 og sak 16/2019, og ein viser til vurderingane etter naturmangfaldlova §§8-12 som vart gjort i sak 36/2018:

Vurdering etter naturmangfaldlovas §§ 8-12: Det er god kunnskap om naturmangfaldet, og søkjar har fått utarbeidd eigen fagrapport på biologisk mangfald for det aktuelle området (§ 8). Tiltak vil i stor grad skje langs eksisterande røyrgate og i kjøretraseen opp mot eksisterande inntak. Det nye inntaket og den øvre delen av røyrgata som skal leggjast på overflata og forankrast i berg på vestsida av Hestbekken vil ikkje påverke særleg sårbare artar. Biologisk mangfald-kartlegginga har ikkje avdekt raudlisteartar som vil bli skadelidande ved endra vassføring eller ved inngrep i og ved vasstrengen ved nytt inntak og ved kryssinga som er planlagt nedanfor det eksisterande inntaket. Det er derfor ikkje behov for å bruke

føre-var-prinsippet (§ 9). Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) tilseier at ein har streng praksis når det gjeld alle terrenginngrep og motorferdsel i verneområdet. Kvart enkeltvedtak må vurderast i høve til samla påverknad og om eit løyve vil kunne skape presedens. Tiltaket kan skape presedens i høve til eventuelle nye søknader, men spørsmålet om småkraftverk er vurdert på overordna nivå med ei positiv haldning i utkastet til forvaltningsplan frå 2008. Det omsøkte tiltaket blir ikkje vurdert å medføre skade på naturmangfoldet, og prinsippet etter § 11 er derfor mindre aktuelt. Etter nml § 12 - miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder må transport ved bygging av ny inntaksdam og legging av den øvre del av røyrkata på vestsida av Hestbekken skje ved hjelp av helikopter for å unngå unødige terrenginngrep i eit hittil urørt område. Dette er også lagt til grunn i søknaden. Anleggsveg nå utformast slik at den ikkje leier inn vatn som kan føre til erosjon langs røyrkatetraseen. Vegetasjonsmasse/overflatejord må takast vare på og plasserast slik at det blir lagt til rette for revegetering der ein har fått sår i landskapet. Køyrespor i terrenget må jamnast til ved avslutning av arbeidet.»

Det er lagt til grunn at inngrep i stor grad vil skje langs eksisterande røyrgate og i kjøretraseen opp mot eksisterande inntak, og dette blir i stor grad fylgd om ein følgjer detaljplanen og godkjenninga frå NVE.

I konsesjonssøknaden er det lagt til grunn at transport ved bygging av ny inntaksdam og legging av den øvre del av røyrkata på vestsida av Hestbekken skal skje ved hjelp av helikopter for å unngå unødige terrenginngrep i eit hittil urørt område, og denne føresetnaden inngår i vurderinga etter nml § 12 om *miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder* i sak 36/2018 – sjå avsnitt over. Dette var eit klart vilkår for at NP-styret godkjende ei flytting av inntaket oppstrauts til kote 1141. I vurderinga av detaljplanen skriv NVE m.a. følgjande: «*Det skal ikke bygges permanent vei frem til inntaket og det er lagt til grunn at det ikke skal kjøres i terrenget på den delen av traseen som ligger ovenfor dagens inntak. Vær og vind i byggefasen kan legge restriksjoner på bruk av helikopter. Det kan oppstå behov for motorisert transport av maskiner (eks gravmaskin og borerigg) og materiell fraktet på ATV med henger mellom gammelt- og nytt inntak, en avstand på 150 meter. I detaljplanen er det ikke beskrevet tiltak for å kunne gjennomføre alternativ transport innenfor rammene satt av Nasjonalparkstyret, om behovet skulle oppstå. NVE mener det bør utarbeides en plan for dette, som ser på mulighetene for f.eks å fly inn materialer for bygging av en midlertidig klopp over sårbart terreng, skytematter eller matter av lettere materiale. NVE ber om at tiltakshaver tar initiativ til en tidlig befaring i forbindelse med oppstart av arbeidene med representant for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen og NVE for en vurdering og avklaring av de overnevnte forhold.»*

Oppfølginga av dette punktet er presisert i pkt. 3 i vilkåra frå NVE. Det vil også måtte innarbeidast i vilkåra i dispensasjon for motorferdsel som må behandlast av NP-styret i eiga sak når ein samla plan for motorferdsel ligg føre.

Det er i detaljplan og godkjenning lagt opp til at enkelte detaljar avklarast ved synfaring i samband med anleggsstart, ved eventuelle endringar undervegs og før avslutning av anleggsarbeidet – jf. pkt. 1 i vilkåra sett i godkjenninga frå NVE av 05.01.2021. Dette er i tråd med NVE sine rutinar for oppfølging av konsesjonar for småkraftverk, og nasjonalparkstyret som forvaltningsmyndigheit vil også bli involvert sidan anlegget ligg i eit verneområde. Det vil vera mest praktisk å gje nasjonalparkforvaltarane myndigheit til å opptre på vegne av styret på desse synfaringane, for å sjå til at styrevedtaka blir fylgde opp på ein god måte. I den grad styreleiar og andre frå styret ønskjer å delta på desse synfaringane vil det bli lagt opp til å halde styreleiar orientert om aktuelle synfaringdatoar.

Memurubu Turisthytte AS

2686 LOM

Vår dato: 05.01.2021

Vår ref.: 201842008-13

Arkiv: 317

Deres dato:

Deres ref.:

Saksbehandler:

Jon Atle Eie

928 46 970/ joac@nve.no

Memurubu minikraftverk - Godkjenning av detaljplan for landskap og miljø – Lom kommune i Innlandet fylke

Vi viser til deres søknad om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for Memurubu kraftverk i Lom kommune oversendt NVE den 11.3.2020, notat fra feltbefaring den 12.08.2020 og oppdatert arealbruksplan for vannvei av 9.11.2020.

Vedtak

NVE godkjenner fremlagte detaljplan for miljø og landskap oversendt NVE den 11.3.2020 for bygging av Memurubu minikraftverk i Hestbekken, Lom kommune.

Godkjenningen av detaljplan for miljø og landskap gis på følgende vilkår:

1. Nasjonalparkstyret og NVE skal i god tid inviteres til oppstartsmøte, orienteres om når arbeidene med inntak, rørgate og istandsetting starter, når anlegget blir satt i drift og når arbeidene er avsluttet. Vi skal også orienteres ved endringer i forhold til godkjent detaljplan, viktige eller kritiske faser i prosjektet.
2. Sprengningsarbeidene for etablering av inntak skal gjennomføres så skånsomt som mulig, bl.a. ved å vurdere mulighetene for å følge naturlige slepper, pigging og eventuelt sømborner for å oppnå pene flater. Sprengstein i terreng som en følge av sprengning skal ikke forekomme.
3. Nasjonalparkstyret og NVE skal ha anledning til å uttale seg til en eventuell plan for transport av anleggsmaskiner og materiell mellom gammelt og nytt inntak.
4. Dere må sende inn en ny komplett plan for slipp og dokumentasjon av pålagt minstevannføring for godkjenning.
5. Plan for bygging av lukehus ved inntaket skal godkjennes av NVE og Nasjonalparkstyret.
6. Anleggsbredden for legging av rørgate settes til maksimum 8 meter.
7. I anleggsfasen skal vegetasjon i arealer med godkjenning som midlertidig arealbruk, skånes så langt som råd ved å vurdere bruk av duk, skytematter og etablering av klopper.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



8. Det skal vurderes gjennomføring av fortløpende istandsetting. Ved tilbakeføring av arealer lik urørt terreng, skal det nyttes naturstein og innplanting av vegetasjon der hvor det er aktuelt.
9. Vi skal godkjenne utkast til opplysningsskilt og foreslått plassering. Skiltene skal tilfredsstillende våre krav til informasjon for allmennheten.
10. Senest 1 måned etter idriftsettelse av kraftverket skal dere sende inn melding om dette til oss på skjema som ligger på vår hjemmeside (<https://www.nve.no/om-nve/skjema-og-rapporteringsordninger/>).

Detaljplan for miljø og landskap må være i samsvar med vilkår og forutsetninger som fremgår av konsesjonen med saksfremlegg til vedtak i nasjonalparkstyrets sak 36/2018 datert 12.11.2018 og utvalgssak 16/2019 datert 29.04.2019.

NVE kan kreve ytterligere detaljering for alle deler av tiltaket. Slike planer skal godkjennes av oss før arbeidet settes i gang.

Godkjenningen har hjemmel i konsesjonen datert 29.04.2019 post nr. 4.

Tilsyn

NVE vil følge opp anlegget med inspeksjon.

Anlegget er både for planlegging, bygging og senere drift underlagt bestemmelser om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgivningen (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Ved tilsyn på anlegget kan NVE kontrollere at internkontroll etter denne forskrift er etablert.

Historikk

Memurubu Kraftverk ble etablert i 1972 og ligger ved Gjende i Jotunheimen. Kraftverket har siden oppstart levert strøm til Memurubu Turisthytte og eies i dag av Kjetil E. Sveine Memurubu Turisthytte. Fallrettighetene leies av Statskog. Anlegget er i dag ikke i tilfredsstillende teknisk stand, med bl.a. en turbin produsert i 1914 hentet fra et kraftverk i Sogn. Dagens rørgate er hentet fra samme kraftverk og er preget av lekkasjer og reparasjoner. I tillegg til strøm fra det gamle kraftverket, nytter Memurubu Turisthytte ca. 17.000 liter diesel til drift av et strømaggregat. All diesel transporters inn fra Gjendeosen. Uten elektrisitet fra vannkraftverket, vil turisthytta trenge mellom 53.000 og 76.000 liter diesel for å opprettholde driften. Tiltakshaver har engasjert Kleppconsult AS i arbeidet med oppgradering av minikraftverket.

Behandling av søknaden

Kraftverket ligger i Jotunheimen Nasjonalpark. Etter søknad av 15.08.2018 ga Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen med hjemmel i vannressursloven § 33 tillatelse til oppgradering og utvidelse av Memurubu Kraftverk med vedtak av 29.04.2019 og dispensasjon fra verneforskriften for Jotunheimen nasjonalpark etter hjemmel § 48 i naturmangfoldloven.

I konsesjon er det gitt tillatelse til å øke fallhøyden fra 100 meter til 131 meter med inntak på kote 1141 og kraftstasjon som i dag. For å sikre en minstevannføring i Hestbekken, er det satt vilkår om slipp av 20 l/s fra og med mai til og med september og 10 l/s resten av året. Nytt kraftverk er gitt en maksimal slukeevne på 143 l/s, dvs. 50% av middelvannføringen. Installert effekt blir på ca. 164 kW mot dagens 60 kW, som forventes å gi en årsproduksjon på 0,995 GWh.

Det er gitt dispensasjon fra kommuneplanens arealdel for opprusting og utvidelse av Memurubu kraftverk, arkivsak 2018/1079-20 datert 01.08.2019. Arbeidene med stasjonsbygningen ble påbegynt i 2019 og mye av arbeidene med stasjonen er utført i løpet av 2020.



Detaljplanen

Memurubu Turisthytte AS søker her om godkjenning av detaljerte planer for landskap og miljø. Planene beskriver bl.a. etablering av nytt inntak med arrangement for slipp og logging av minstevannføring, erstatte eksisterende rørgate med ny nedgravd rørgate og videre legge ny rørgate i dagen opp til nytt inntak, nødvendige riggområder og enkelte arbeider knyttet til ny kraftstasjon. For fremføring av strøm til turisthytta, har dagens kabel tilstrekkelig kapasitet.

Detaljplanen er av NVE sendt på begrenset høring den 27.03.2020 til Lom kommune, Innlandet fylkeskommune og Fylkesmannen i Innlandet med høringsfrist den 27.04.2020.

Høringsuttalelser

Fylkesmannen i Innlandet, 02.04.2020

Fylkesmannen ved Nasjonalparkforvalter har gitt konkrete merknader til detaljplanen, bl.a til flytting av rørgatetraseen lenger vest enn beskrevet i konsesjonssøknaden, og uttaler: *«Ei eventuell endring her må vurderast svært nøye, ved synfaring i terrenget. Dette betyr ei endring i høve til saker behandla i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sak 36/2018 i møte i møte 12.11.18 og sak 16/2019 i møte 29.04.19.»*

Fylkesmannen påpeker videre at det må vises til konkrete løsninger for plassering av eventuell overskottsmasse i detaljplanen, i tilfelle massene ikke kan nyttes fullt ut i området rundt ny kraftstasjon.

Når det gjelder farge på ny kraftstasjon skriver Fylkesmannen: *«Den sterkt oransjebrune fargen som er brukt på turisthytta på biletet er ikkje vurdert å vera i samsvar med krav om fargevalg med best mogleg tilpassing til landskapet. Det ligg føre eit pålegg frå nasjonalparkstyret om å endre til meir avdempa farge i sak 29/2017, der nasjonalparkstyret har gjort vedtak med slike føringar for framtidig fargebruk på alle bygningar ved bedrifta.»*

Tilsvar fra tiltakshaver, 12.8.2020

Kleppeconsult har på vegne av konsesjonær i notat datert 12.8.2020, gitt avklaringer på kommentarer i Fylkesmannens høringsuttalelse.

Flytting av rørgate lenger vest: *«I konsesjonssøknaden er det nevnt i teknisk plan for anlegget at ny rørgatetrase stor sett skal følge gammel trase til eksisterende anlegg. Under befaringen oppfattet tiltakshaver i 2019 at gammel rørgate skulle graves opp helt og fjernes. Gammel rørgate ligger litt lengre vest for eksisterende traktorvei. Det ble en del diskusjon om dette punktet, hvor tiltakshaver nevnte at dersom en skal nytte traktorvei som ny rørgatetrase og i tillegg grave opp hele gammel rørgate vil inngrepet bli betydelig større bredde enn om en bruker kun traktorvei og lar gammel rørgate bli liggende. Tiltakshaver oppfattet den gang at en skulle bruke gammel rørgatetrase og fjerne hele den gamle rørgaten. Dette var hovedgrunn til at rørgaten foreslåes å flyttes litt lengre vest i detaljplanen for å minske inngrepet.»*

Diameter på rørgate: *«Rør-diameteren er prosjektert med 400 mm.»*

Farge på kraftstasjon og øvrig bygningsmasse: *«Det har hele tiden blitt lagt til grunn at ombygget kraftstasjon skal beises mørkebrun i henhold til retningslinjene og føringene som er lagt til grunn med i verneforskriften for Jotunheimen Nasjonalpark.»*

Massebalanse og plassering/ bruk av eventuell overskuddsmasse og store steinblokker: *«Etter befaringen og nye vurderinger ble det enighet at en vil spare skånsom vegetasjon dersom nedgravd gammel rørgate blir liggende. De deler av gammel rørgate som ligger i dagen skal rørene kuttes og fjernes og grøftetrasen i gjenfylles. Ny rørgatetrase skal mest mulig følge eksisterende traktorvei opp til det gamle inntaket...I detaljplanen er det beskrevet en viss massebalanse for anlegget. Det ble bemerket at en må ha en plan for eventuell overskuddsmasse. Under befaringen ble punktet drøftet og det ble*



foreslått å bruke mulig overskuddsmasse til igjenfylling på de steder hvor gammel rørgatetrase skal/vil bli fjernet. Store steiner som om mulig vil komme i dagen ved oppgraving av ny rørgatetrase kan legges på naturlige steder i terrenget...Dersom det fortsatt er for mye masse skal det fraktes til permanent deponi ved kraftstasjonen.»

Lom kommune, 21.4.2020

«I detaljplanen som no er på høyring går det fram følgjande endringar frå konsesjonssøknaden:

- *Rørgatetrase flyttes noe mot vest for å redusere masseforflytning og arealinngrep*
- *Kraftstasjonsbygg ombygges med nytt brannsikert aggregatrom og ny turbinhall. Dette vil redusere naturinngrep og behov for sprenging*

Endringane er på eit detaljeringsnivå som ikkje vil ha vesentlege verknader for kommunen sitt dispensasjonsvedtak. Likevel kan endringane slik dei er presentert i detaljplanen ha verknader for vurderingar som ligg til grunn for dispensasjon frå verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark. Lom kommune sluttar seg derfor til dei merknader som nasjonalparkforvaltar Kari Sveen har lagt fram i notat 02.04.2020. Detaljert plassering av rørgatetraséen bør fastsetjast etter synfaring.

Vidare vil kommunen peike på at ansvarleg søkjar for byggetiltaka på kraftverksbygningen må vurdere/ sende inn event. endingsmelding til Lom kommune, jfr. byggeløyve gitt av kommunen i delegert vedtak 16.07.2019, sak 2019/91.»

Innlandet fylkeskommune, 28.4.2020

«I detaljplanen skisseres et masseuttak i utløpsområdet av Muru i størrelsesorden 300 m³. Det er litt uklart for oss hva disse massene skal brukes til, men vi antar hovedsakelig til overfylling av trasé for rørgata. Muru er svært masseførende, og vi anser ikke uttaket som problematisk i og med at det er konstant tilførsel av masser til vifteområdet. Det er derimot av betydning på hvilket tidspunkt massene tas ut, da vi går ut fra at ørret bruker Muru sin vifte som gyte- og oppvekstområde. Vi minner om at masseuttaket er søknadspliktig, og at fylkeskommunen må behandle saken etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag før oppstart. Det må påregnes at det gis vilkår om at massene skal tas ut i perioden 15. juni – 15. september.

Innlandet fylkeskommune v/ plan, kulturarv og samferdsel har ikke merknader til planen.»

Vurderinger av høringsinnspill

Flytting av rørgata har vært et tema hos flere høringsparter. Oppsummert er det nå søkt om å legge rørgate i eksisterende traktorvei opp til det gamle inntaket hvor den så krysser over til vestsiden av Hestbekken og videre opp til nytt inntak. I forhold til konsesjonssøknaden legges nedre del av rørgaten noen meter lenger øst, mens øvre del fra gammelt til nytt inntak, flyttes fra østsiden av Hestbekken til vestsiden av Hestbekken.

Vurdering av flom og skredfare

Tiltaket ligger innenfor aktsomhetsområder for flom og skred og må tilfredsstillende sikkerhetskrav gitt i byggt teknisk forskrift (NVE atlas). Tiltakshaver har fått vurdert faren for flom og skred. I konsesjonssøknaden opplyses det at det ikke er registrert flomskred i området, men at flommer kan forekomme hele året. Lavvannføringer inntreffer oftest om vinteren. Videre opplyses det i detaljplanen at geologiske flom- og skredfarekart viser at området rundt det planlagte inntaksområdet ikke kan være utsatt for snøskredfare.



Sommeren 2018 ble det utløst et moreneras i øvre del av den da planlagte rørgatetrase. På bakgrunn av dette ble det gjennomført ny feltbefaring. I detaljplanen er øvre del av rørgatetraseen flyttet til vestsiden av Hestbekken med stabil grunn og fjell i dagen.

NVE har søkt i kartdatabaser for flom- og skred, og har ikke identifisert andre fareområde enn det som er kommet frem. NVE viser til krava som følger av TEK 17 og forutsetter at disse legges til grunn.

Vurderinger etter naturmangfoldloven

Alle myndighetsinstanser som forvalter natur, eller som fatter beslutninger som har virkninger for naturen, plikter etter naturmangfoldloven § 7 å vurdere planlagte tiltak opp mot naturmangfoldlovens relevante bestemmelser.

Saken har vært opplyst gjennom konsesjonsbehandling og i denne prosessen har naturmangfoldloven kapittel II blitt vurdert. Vurderingene etter naturmangfoldloven som ligger til grunn for konsesjonen er tilstrekkelig konkrete, oppdaterte og dekkende for godkjenningen av detaljplanen. NVE har derfor ikke foretatt nye vurderinger av tiltaket som helhet etter prinsippene i naturmangfoldloven §§ 8-12 og viser til vurderingene som er gjort i konsesjonsprosessen.

NVEs vurderinger

Inntak

Et midlertidig riggområde ved inntaket er ikke omsøkt i detaljplanen. Kleppconsult oppgir et behov for høyst ca. 100 m² for lagring av materiell og gjennomføring av arbeidene med nødvendig maskinelt utstyr. NVE anser dette som nødvendig arealbruk for gjennomføring av prosjektet og har ingen merknader, men forutsetter at det gjennomføres nødvendig tiltak for å skåne terreng og vegetasjon. Det være seg f. eks bruk av skytematter som beskyttende underlag, maskiner med gummibelter, bruk av duk for mellomlagring av masser og en markering i terrenget av de arealene ved inntaket som ikke er egnet for bruk i anleggsfasen.

I tilknytning til inntaksbassenget opplyses det behov for å sprengne ut et areal på ca. 2 x 2 m². Overskuddsmassene tenkes lagt i elveløpet/ inntaket slik at det ikke blir synlig i ettertid. NVE ser at det er behov for noe sprengning for bygging av inntaket. NVE forutsetter at arbeidene gjennomføres så skånsomt som mulig, dvs at entreprenør prøver å følge naturlige slepper, vurderer pigging og eventuelt sømborrrer for å kunne sprengne skånsomt og få pene flater. NVE setter pt. ikke vilkår om håndboring.

I detaljplanen er det ikke omsøkt lukehus. Tatt i betraktning behovet for sikker drift av kraftverket for leveranse av strøm til turisthytta og lokale snøforhold, mener tiltakshaver at det kan være behov for et mindre lukehus/ instrumentbu (ca. 1,5m x 1,5 m). Dette for å ha en sikker tilgang til tekniske installasjoner, og for å beskytte de samme installasjonene mot vær og vind. NVE ser det som hensiktsmessig at et eventuelt lukehus bygges samtidig med arbeidet som nå er planlagt. Beskrivelse og utførelse av lukehus med illustrasjon oversendes for godkjenning.

Det skal ikke bygges anleggsvei frem til inntaket. I dispensasjonen fra Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, er det satt vilkår om bruk av helikopter for bygging av inntaket. Det skal ikke bygges permanent vei frem til inntaket og det er lagt til grunn at det ikke skal kjøres i terrenget på den delen av traseen som ligger ovenfor dagens inntak. Vær og vind i byggefasen kan legge restriksjoner på bruk av helikopter. Det kan oppstå behov for motorisert transport av maskiner (eks gravmaskin og borerigg) og materiell fraktet på ATV med henger mellom gammelt- og nytt inntak, en avstand på 150 meter. I detaljplanen er det ikke beskrevet tiltak for å kunne gjennomføre alternativ transport innenfor rammene satt av Nasjonalparkstyret, om behovet skulle oppstå. NVE mener det bør utarbeides en plan



for dette, som ser på mulighetene for f.eks å fly inn materialer for bygging av en midlertidig klopp over sårbart terreng, skytematter eller matter av lettere materiale.

NVE ber om at tiltakshaver tar initiativ til en tidlig befaring i forbindelse med oppstart av arbeidene med representant for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen og NVE for en vurdering og avklaring av de overnevnte forhold.

Vurdering av arrangement for minstevannføring, krav om skilting og merking

I konsesjonen er det satt krav om slipp av minstevannføring i Hestbekken på 20 l/s i perioden 01.05.-30.09. og 10 l/s i perioden 01.10.-30.04.

Inntaket ligger på kote 1141 og skal være av typen Tyroller-inntak som består av en terskel fulgt av en grind som ligger over en samlekanal. Minstevannføringen søkes løst ved å støpe inn to rør gjennom betongveggen i samlekanalen, 750mm under overløp av terskelnivået i samlekanalen. Det ene røret vil slippe 10 l/s hele året mens det andre røret vil ha en manuell stengeventil slik at det kan slippes totalt 20 l/s i sommerperioden. Det er ikke vedlagt formel og beregninger for riktig dimensjonering av slipp av minstevannføring. Det er heller ikke oppgitt hvilken type måleutstyr som skal benyttes.

Videre oppgis at timesverdier av minstevannføring skal logges og lagres i kontrollsystemet i kraftstasjonen i minst ett år. NVE vil her minne om at det må lages systemer slik at dataene kan lagres i hele kraftverkets levetid.

For å oppfylle kravet om informasjon til allmenheten, oppgis det i detaljplanen at det skal monteres to skjermer/display for avlesning av minstevannføringsslippet. Det skal også settes opp informasjonsskilt. Utkast til opplysningsskilt er ikke vedlagt. NVE minner om at NVE skal ha tilsendt utkast til skilt for kommentar.

Metoden som beskrives for slipp- og dokumentasjon av minstevassføring vil kunne oppfylle kravene i post 1 i konsesjonen, men tilsendt informasjon er ikke fyllestgjørende. Valgte løsning vil være avhengig av at utstyret installeres og drifter riktig.

NVE setter krav til arrangementets funksjon og godkjenner prinsippene for målemetode og slippløsning, men ikke valg av utstyr eller leverandør. Konsesjonær må derfor kunne dokumentere skriftleg for NVE, at utstyr er kalibrert og kontrollmålt. For slipp av minstevannføring som måles direkte ved vanngjennomstrømming i rør, er det spesielt viktig at konsesjonæren påser at forutsetningene for at måleutstyret gir riktige verdier er oppfylt. Dette gjelder spesielt krav om rettstrekning på rør, fylt vannrør og laminær vannstrøm.

Dersom det viser seg at godkjent arrangement for slipp og dokumentasjon av minstevannføring ikke oppfyller krav som er satt i vassdragskonsesjonen, kan vi kreve ombygging, jf. vannressursloven § 59.

Allmennheten skal kunne kontrollere at pålagt minstevannføring er oppfylt. NVE veileder 3/2020 «Slipp, måling og dokumentasjon av minstevannføring» beskriver hvordan dette kan løses. Se mal for opplysningsskilt på våre nettsider www.nve.no.

Rørgate fra kraftstasjon til gammelt inntak

I detaljplanen er det ikke oppgitt bredde på inngrepssonen eller anleggsbredden for legging av rørgate. I konsesjonssøknaden er det opplyst at anleggsbredden vil være 5-8 meter og at grøftebredden vil være ca. 3 meter. NVE legger dette til grunn. For at tiltakshaver skal ha handlingsrom til å tilpasse rørgatetraseen best mulig til terrenget, setter NVE inngrepssonen til 15 meter.



Det må vurderes om duk skal nyttes under mellomlagring av masser for å beskytte underliggende terreng.

Rørgate fra gammelt inntak til nytt inntak

Tiltakshaver opplyser muntlig til NVE at PE rør til øvre del av rørgata planlegges enten å transporteres opp vinterstid ved hjelp av snøskuter/ tråkkemaskin og/ eller bli vinsjet på plass fra gammelt inntak.

NVE har ingen merknader til dette.

Begrunnelse for særskilte godkjenningsvilkår

Arbeidene skal gjennomføres i et særdeles sårbart terreng med godt innsyn og svært lang revegeteringstid for vegetasjon. Minimalisering av arealbruken og beskyttelse av eksisterende vegetasjon skal derfor ha stort fokus. Vurdering av hvilke arealer som er mest egnede for midlertidig bruk samt vurdering av bruk av skytematter, duk og klopper, vil være sentralt. I gjennomføringsfasen skal det videre være fokus på ivaretagelse av vekstlag, ha tilgang til naturstein, vegetasjon, heller o.l for å ha materialer tilgjengelig for en god istandsetting. Fortløpende istandsetting bør vurderes. Se vilkår 5 og 6.

Forhold som dere må avklare før arbeidet kan starte

Plan- og bygningsloven

Tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unntatt fra byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskriften) § 4-3 første ledd.

Lom kommune ga dispensasjon fra kommunens arealdel for opprusting og utvidelse av Memurubu kraftverk i møte den 27.8.2019, ref sak 2018/1079-20 datert 01.08.2019.

Konsesjonær må sørge for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningsloven og tilhørende forskrifter. Dette gjelder særlig reglene i plan- og bygningsloven om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhørende deler av byggeteknisk forskrift. Disse gjelder så langt de passer for tiltaket.

Damsikkerhetsforskriften

Med hjemmel i forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg (damsikkerhetsforskriften) § 41, fattet NVE med vedtak av 18.01.2019 at vannveien plasseres i konsekvensklasse 1 og inntaksdammen i konsekvensklasse 0.

Nettilknytning

Anlegget vil ha øydrift og ikke tilkobles offentlig nett. Tilknytningspunktet for lavspentkabel er ca. 180 meter fra kraftstasjonen. Det opplyses at det tidligere er lagt kabel som har stor nok kapasitet.

Naturforekomster, landskapsområder og kulturminner

Vi minner om post 3 om konsesjonærens ansvar ved anlegg/drift, post 4 om landskapsmessige forhold og plikt til forsvarlig opprydding og post 6 om automatisk fredete kulturminner som konsesjonæren må følge opp i forkant av og under anleggsperioden.

Privatrettslige rettigheter

Vi gjør oppmerksom på at konsesjonæren må sørge for å skaffe seg nødvendige privatrettslige rettigheter før anleggsarbeidene starter.

Nødvendige tillatelser etter annet lovverk



Før anleggsarbeidet starter må konsesjonæren innhente nødvendige tillatelser etter annet lovverk.

Det skal sendes inn dokumentasjon til Lom kommune når anlegget er ferdig bygd

Når anlegget er ferdig oppgradert, skal tiltakshaver sende kartdata i egnet format med alle fysiske anlegg til Lom kommune, slik at kartdata kan gjøres tilgjengelige på en enkel måte, jf. byggesaksforskriften § 4-3 fjerde ledd.

Klageadgang

Vedtaket kan påklages, se orientering om rett til å klage på siste side.

Med hilsen

Ingunn Åsgard Bendiksen
direktør

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

FYLKESMANNEN I INNLANDET
FYLKESMANNEN I INNLANDET v/Kari Sveen
INNLANDET FYLKESKOMMUNE
Kleppconsult AS
LOM KOMMUNE



Orientering om rett til å klage

| | |
|-------------------------------------|---|
| Hvem kan klage på vedtaket? | Hvis du er part i saken, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket hvis du har rettslig klageinteresse i saken. |
| Hvor skal du sende klagen? | Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende den til NVE. NVEs e-postadresse er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endres. Dersom NVE ikke endrer vedtaket, vil vi sende klagen til OED. |
| Frist for å klage | Fristen for å klage på vedtaket er 3 uker fra den dagen vedtaket kom frem til deg. Hvis vedtaket ikke har kommet frem til deg, starter fristen å løpe fra den dagen du fikk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkelig at du postlegger klagen før fristen løper ut. Klagen kan ikke behandles dersom det har gått mer enn 1 år siden NVE fattet vedtaket. |
| Du kan få begrunnelsen for vedtaket | Hvis du har fått et vedtak uten begrunnelse, kan du be NVE om å få en begrunnelse. Du må be om begrunnelsen før klagefristen løper ut. |
| Hva skal med i klagen? | Klagen bør være skriftlig. I klagen må du: Skrive hvilket vedtak du klager på. Skrive hvilket resultat du ønsker. Opplyse om du klager innenfor fristen. Undertegne klagen. Hvis du bruker en fullmektig, kan fullmektigen undertegne klagen. I tillegg bør du begrunne klagen. Dette betyr at du bør forklare hvorfor du mener vedtaket er feil. |
| Du kan få se dokumentene i saken | Du har rett til å se dokumentene i saken, med mindre dokumentene er unntatt offentlighet. Du kan henvende deg til NVE for å få innsyn i saken. |
| Vilkår for å gå til domstolene | Hvis du mener vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan bare gå til søksmål dersom du har klaget på NVEs vedtak, og klagen er avgjort av OED som overordnet forvaltningsorgan. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 måneder siden du sendte klagen, og det ikke skyldes forsømmelse fra din side at klagen ikke er avgjort. |
| Sakskostnader | Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekket vesentlige og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innen 3 uker etter at klagevedtaket kom frem til deg. |

Denne forklaringen er basert på forvaltningslovens regler i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2021/205-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 14.01.2021

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 6/2021 | 01.02.2021 |

Jotunheimen NP - Løyve til bruk av kommersiell logo - Aktiv i Lom AS

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen vurderer det slik at Aktiv i Lom AS innfrir alle krav for å få kommersielt merke for nasjonalparken, i tråd med sentrale føringar og vedtekte retningslinjer for Jotunheimen. Grunngeving:

- Søknaden er framsett på standard søknadsskjema, der søker stadfestar med si underskrift at dei vil rette seg etter dei sentrale krava som gjeld for bruk av tilhørlogo for *Norges nasjonalparker*.
- Bedrifta er lokalisert i kommune med areal innan nasjonalparken, og har forretningsadresse i Lom.
- Aktiv i Lom AS driv guiding og fjellføring i Jotunheimen nasjonalpark og i randssonen, og har elles ulike aktivitetstilbod i nasjonalparklandsbyen Lom.

Løyve til å nytte kommersielt merke for Jotunheimen nasjonalpark som tilhørlogo for Aktiv i Lom AS blir gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for ein periode på tre år; tom. 31.12.2023. Det er mogleg å søke om forlenging.
- Løyvet omfattar følgjande typar logoar/bruk:
 - Lokalisert ved Jotunheimen nasjonalpark
 - Aktivitet skjer i Jotunheimen nasjonalpark
- Logoane kan brukast slik det går fram av retningslinjer presisert på søknadsskjema.
- Ved misbruk av det kommersielle merket kan løyvet til bruk trekkjast attende. I slike høve skal innehavar av merket varslast og få frist for korrigerings, før det eventuelt blir trekt inn.
- Aktiv i Lom AS pliktar gjennom inngått avtale å halde seg orientert om spørsmål som gjeld nasjonalparken, og ev. delta på relevante orienteringsmøte, vertskapskurs eller liknande som blir arrangert i regi av nasjonalparkforvaltninga eller nasjonalparkkommunane.
- Ved aktivitet innan nasjonalparken skal gjestene orienterast om reglar for ferdsel som gjeld innan verneområdet.

Nasjonalparkforvaltar får fullmakt til å signere avtalen om bruk av logo på vegne av nasjonalparkstyret.

Komande søknader frå firma med adresse i ei av dei fem nasjonalparkkommunane, og av lik karakter med bedriftene som allereie er godkjende av nasjonalparkstyret, kan behandlast administrativt .

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad av 05.01.2021 frå Aktiv i Lom AS (Vedlegg)

Saksopplysningar

Aktiv i Lom AS søker om bruk av tilhøyrlogo for Jotunheimen (nynorsk og engelsk) for kategoriane *lokalisering* og *aktivitet*:



Søknaden er basert på følgjande:

- ✓ Bedrifta ligg i eller ved ein nasjonalpark eller verneområde
- ✓ Aktiv i Lom AS tilbyr tjenester som skjer i Jotunheimen nasjonalpark
- ✓ Aktiv i Lom AS arrangerer tidsavgrensa aktivitet i eller ved Jotunheimen nasjonalpark

Bedrifta har følgjande aktivitetar:

- *Tilbydar av aktivitet og arrangement.*
- *Guida turar på ski eller til fots på bre, fjell eller i grotter.*
- *Utleige av lavvo.*

Opplysningar i søknaden om planlagt bruk av logo:

«Me tenkjer å bruke logoene på nettstaden vår, på annonsar; trykte og digitale, på arbeidsklede for tilsette og som del av signatur i postmalar/brevhovud og elles på utgåande dokument knytt til kundekommunikasjon.

Me tenkjer at «Skjer i» logoen skal nyttast i samband med dei aktivitetane me tilbyr som skjer i nasjonalpark, medan «Ved» logoen skal nyttast i samband med klatreparkane våre og aktivitet elles som ikkje finn stad i nasjonalpark.»

Vidare informasjon om aktiviteten går fram av nettsida: www.aktivilom.no

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert av Miljødirektoratet i 2020. Etter retningsliner for bruk av kommersielt merke knytt til merkevaren *Norges nasjonalparker* skal søknad behandlast av forvaltningsstyresmakta i det aktuelle verneområdet.

Styret kan i medhald av lokale retningsliner for Jotunheimen delegere myndigheit til godkjenning av avtaler om bruk av tilhørlogo til arbeidsutvalet eller til forvaltarar, når det etter søknadsbehandling i styret er etablert praksis for type bedrifter/produkt som fyller krava.

Retningsliner for bruk

- Designmanual Norges Nasjonalparker
- Sak 42/2020 i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Retningsliner for bruk av kommersielt merke for Jotunheimen

Vurdering

Nasjonalparkstyret vedtok i møte 30.11.20 retningsliner knytt til lokal bruk av ordninga med kommersielt merke/tilhørlogoar for Jotunheimen nasjonalpark.

Aktiv i Lom AS er eit aktivitetsselskap som driv fjellføring og aktivitetsguiding i og i randsonen til nasjonalparken. Utfylling og signering av standard søknadsskjema som ligg i designmanualen til merkevaren *Norges nasjonalparker* stadfestar at søkjar er kjent med ordninga og vil følgje dei vilkåra som gjeld for bruk av merket.

Den som skal autoriserast til å bruke merket skal så langt som råd følgje Innovasjon Norges 10 prinsipp om bærekraftig reiseliv:

Bevaring av natur, kultur og miljø

1.Kulturell rikdom

Å respektere, videreutvikle og fremheve lokalsamfunnets historiske kulturarv, autentiske kultur, tradisjoner og særpreg.

2.Landskapets fysiske og visuelle integritet

Å bevare og videreutvikle landskapskvalitet, både for by og bygd, slik at landskapets fysiske og visuelle integritet ikke degraderes.

3.Biologisk mangfold

Å støtte bevaringen av naturområder, dyreliv og habitater, og minimere ødeleggelse av disse.

4.Rent miljø og ressurseffektivitet

Å minimere reiselivsbedrifters og turistars forurensing av luft, vann og land (inkludert støy), samt og minimere genereringen av deres avfall og forbruk av knappe og ikke-fornybare ressurser.

Styrking av sosiale verdier

5.Lokal livskvalitet og sosiale verdier

Å bevare og styrke livskvaliteten i lokalsamfunnet, inkludert sosiale strukturer, tilgang til ressurser, fasiliteter og fellesgoder for alle, samt unngå enhver form for sosial degradering og utnytting.

6.Lokal kontroll og engasjement

Å engasjere og gi kraft til lokalsamfunnet og lokale interessenter mht, planlegging,

beslutningstaking og utvikling av lokalt reiseliv.

7. Jobbkvalitet for reiselivsansatte

Å styrke kvaliteten på reiselivsjobber (direkte og indirekte), inkludert lønnsnivå og arbeidsforhold uten diskriminering ut fra kjønn, rase, funksjonshemminger eller andre faktorer.

8. Gjestetilfredshet, trygghet og opplevelseskvalitet

Å sørge for trygge, tilfredsstillende og berikende opplevelser for alle turister uavhengig av kjønn, rase, funksjonshemminger eller andre faktorer.

Økonomisk levedyktighet

9. Økonomisk levedyktige og konkurransedyktige reiselivsdestinasjoner gjennom lokal verdiskapning

Å sikre levedyktigheten og konkurransedyktigheten til reiselivsdestinasjoner i et langsiktig perspektiv, gjennom å maksimere reiselivets verdiskapning i lokalsamfunnet, inkludert hva turistene legger igjen av verdier lokalt.

10. Økonomisk levedyktige og konkurransedyktige reiselivsbedrifter

Å sikre levedyktigheten og konkurransedyktigheten til reiselivsbedrifter i et langsiktig perspektiv.

<https://business.visitnorway.com/no/barekraftig-reiseliv/10-prinsipper-for-et-barekraftig-reiseliv/>

Ut frå opplysningar i søknaden, bedrifta sine nettsider og nasjonalparkforvaltars kjennskap til bedrifta så driv Aktiv i Lom AS verksemd som er i samsvar med kriteria for å få nytte kommersielt merke for Jotunheimen nasjonalpark. Bedrifta har lokal forankring, med firma registrert i Lom og fleire aktivitetstilbod i nasjonalparklandsbyen Lom, og tilbod om ulike typar guiding i og i nærområda til nasjonalparken.

Ved aktivitet innan nasjonalparken er det viktig at guidane har som rutine å orientere gjestene om reglar for ferdsel som gjeld innan verneområdet (Forbod mot bruk av drone, bandtvang 1. april -1. okt. og dei generelle reglane om mest mogleg sporlaus ferdsel i naturen).



Du må oppfylle ett av følgende kriterier for å være kvalifisert til å søke;

Kryss ut riktig boks og fyll deretter ut og returner skjemaet. Husk signatur!

Jeg er en bedrift, organisasjon, gruppe eller en person som:

er basert i eller ved en nasjonalpark, eller tilbyr en tjeneste som skjer i en nasjonalpark eller verneområde eller tilbyr et produkt som kommer fra en nasjonalpark eller verneområde

arrangerer en tidsbegrenset aktivitet i eller ved en nasjonalpark eller verneområde.

Om virksomheten

| | |
|---|---|
| Navn på bedrift, organisasjon, gruppe eller person | Aktiv i Lom AS |
| Virksomhetskategori (Sett en sirkel rundt ditt valg) | Person <input type="radio"/> <input checked="" type="radio"/> Bedrift <input type="radio"/> Organisasjon <input type="radio"/> Annet |
| Organisasjonsnummer | 918561846 |
| Filial (hvis relevant) | |
| Virksomhetsadresse: | Aktiv i Lom AS Bøverdalsvegen 14 2687 Bøverdalen |
| Type virksomhet: | Tilbydar av aktivitet og arrangement. Guida turar på ski eller til fots på bre, fjell eller i grotter. Utleige av lavvo. |
| Nettside: | www.aktivilom.no |

Om søkeren (deg)

| | |
|---|--------------------|
| Navn på søker | Elin Husom Slålien |
| Tittel eller rolle | Dagleg leiar |
| Postadresse: (hvis forskjellig fra virksomhetsadresse) | Myravegen 8 |
| Postkode: | 2687 Bøverdalen |
| Telefonnummer: | 90699053 |
| E-postadresse: | elin@aktivilom.no |

Hvilke(n) logo(er) søker du om å bruke?:

Kommer fra

Skjer i

X

Ved

X

Språk:

bokmål

nynorsk

X

engelsk

nordsamisk

sørsamisk

annet

(spesifiser)

Vennligst beskriv i tekst hvordan du har tenkt å bruke logoen(e):

Me tenkjer å bruke logoene på nettstaden vår, på annonsar; trykte og digitale, på arbeidsklede for tilsette og som del av signatur i epostmalar/brevhovud og elles på utgåande dokument knytt til kundekommunikasjon.

Me tenkjer at «Skjer i» logoen skal nyttast i samband med dei aktivitetane me tilbyr som skjer i nasjonalpark, medan «Ved» logoen skal nyttast i samband med klatreparkane våre og aktivitet elles som ikkje finn stad i nasjonalpark.

Ved å fullføre søknaden, og inngå avtale for å bruke en eller flere av de kommersielle logoene, forstår jeg og forplikter jeg meg til å overholde følgende vilkår:


Om kommersielle logoer

- de representerer kun en geografisk tilhørighet til en nasjonalpark
- de er ikke et kvalitetsmerke
- de representerer ikke en godkjenning, eller innebærer finansiering eller annen støtte fra forvaltningsmyndigheten

Hvem kan bruke logoene?

- En virksomhet eller organisasjon som opererer eller ligger i eller ved en nasjonalpark, tilbyr en tjeneste som skjer i nasjonalparken eller et produkt som kommer fra nasjonalparken/verneområdet.
- En virksomhet, organisasjon, gruppe eller person som arrangerer en tidsbegrenset aktivitet i eller ved en nasjonalpark.
- Logoene er varemerkebeskyttet og har rettsvern.
- De kommersielle logoene må ikke brukes på en måte som kan skade Norges nasjonalparkeres omdømme, eller på en måte som strider mot nasjonalparkenes retningslinjer eller formål.
- Det er ikke tillatt å bruke de kommersielle logoene på reklamemateriell eller varer uten følge av virksomhetens egen logo, som f. eks på brevhode eller på emballasjen for et produkt. Det må alltid gå klart frem hvem virksomheten bak produktet eller tjenesten er, at dette ikke er et nasjonalparkprodukt eller -tjeneste og at det ikke er et nasjonalparkgodkjent produkt eller tjeneste.
- Logoene skal ikke endres i form, beskjæres eller tillegges design eller egen tekst.
- Logoene kan ikke selges videre eller distribueres til tredjepart.
- Ved misbruk av de kommersielle logoene kan tillatelsen til bruk trekkes tilbake.

Virksomhetens navn: Aktiv i Lom AS

Signatur:..... Navn med blokkbokstaver: ELIN HUSOM SLÅLIEN

Sted, dato: Bøverdalen 5.januar 2021

Navn på styre/forvaltningsenhet:

Signatur Navn med blokkbokstaver.....

Tittel Sted, dato

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2020/11941-2

Saksbehandlar: Eldrid Nedrelo

Dato: 12.01.2021

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 7/2021 | 01.02.2021 |

Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - 2020 - 2025 - Fanaråken opp - IL Fanaråk

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark §3 pkt. 5.2 løyve til å arrangere Fanaråken Opp. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld konkurranse- og mosjonsløpet Fanaråken Opp ein laurdag i august for åra 2020-2025.
- Deltakartalet skal ikkje overstige 400 i konkurranseklassa.
- Deltakarar og publikum skal gjerast kjende med kva for del av løypa som går i nasjonalparken.
- Deltakarane skal følgje merka sti. For å unngå trakk og slitasje utanfor sti, bør arrangøren legge til rette for retur ned vintervegen.
- Svingane på stien mot toppen av Fanaråken skal merkast med synlege markørar slik at alle må følge desse markeringane (slik arrangøren har gjort tidlegare).
- Det er ikkje lov å nytte sko med metallpiggjar under arrangementet
- Fysisk merking, sikringsutstyr og drikkestasjonar skal fjernast så raskt som mogleg etter at løpet er avvikla.
- Etter at arrangementet er gjennomført, skal stien/trasèen opp til Fanaråken turisthytte gåast over og eventuelt søppel skal fjernast.
- Reklame skal ikkje plasserast i nasjonalparken.
- Høgtalaranlegg skal ikkje nyttast til anna enn ordinær speakerteneste i tilknytning til løpet i nasjonalparken. Lydnivå skal avgrensast mest mogleg for å unngå støy i nasjonalparkområdet, jf. verneforskrifta § 3, pkt. 7.3.
- Arrangøren skal etter løpet innan 30.10. kvart år sende rapport til nasjonalparkstyret med opplysningar om m.a. tal deltakarar (både konkurranse og mosjon) og røynsler som er viktige for framtidige arrangement.

Arrangøren tek ansvar for at stien skal vere i like god stand etter løpet som den var på førehand, jf. vedlikehald og steinmuringsarbeid som vart gjennomført i 2009 og 2010. Eventuelle skadar skal reparerast snarast råd, og innan 15.september.

Dersom løpet skal arrangerast i 2025, må det sendast ny søknad. Det vil også då vere aktuelt å gi løyve for fleire år.

Sidan det er DNT Oslo og Omegn som eig Fanaråken turisthytte, gjer vi merksam på at arrangøren også må innhente løyve frå dei.

Ein legg til grunn at det også er aksept frå grunneigar, Luster Austre statsallmenning.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Søknad datert 30. oktober frå IL Fanaråk v/ Anders Fortun
2. Tidlegare saksdokument knytt til motbakkeløpet Fanaråken Opp:
 - Dispensasjon frå verneforskrifta for perioden 2010 - 2015.
 - Dispensasjon frå verneforskrifta for perioden 2015 - 2020.
 - Årlege rapportar frå arrangøren, i tråd med vilkår for tidlegare løyve.

Saksopplysningar

Søknaden

Søklar syner til at Fanaråken Opp er eit framtidretta nasjonalt og internasjonalt arrangementskonsept med stort vekstpotensiale. Motbakkeløpet startar ved Turtagrø Hotel (868 moh.) og har ein samla høgdeskilnad på 1200 høgdemeter frå start til mål ved DNT-hytta på toppen av Fanaråken (2068 moh.).

Søker med dette om fornying av løyve for nye 5 år frå 2021- 2025

Arrangementet har fått mykje positiv omtale i ulike aviser, i bladet Kondis, nettsida kondis.no, Kondis DVD og ikkje minst på NRK TV. Fanaråken Duathlon blir omtala som Europas tøffaste motbakkeløp og har eit særstort potensiale, ikkje berre som løp, men også når det gjeld å gje Luster Kommune god nasjonal og internasjonal marknadsføring. I ulike media får Luster, Skjolden, Turtagrø og Fanaråken positiv omtale i samband med arrangementet og den nye motbakke- og toppturbølja i Noreg.

Med så mange deltakarar og kanskje like mange tilreisande i tillegg blir arrangementet eit svært stort løft for eit lite idrettslag som IL Fanaråk samstundes som arrangementet vil tilføre næringslivet i Luster kommune gode inntekter.

For meir informasjon om arrangementet viser vi til nettsida www.fanaraaken.com

Me håper på eit raskt og positivt svar til leiar i IL Fanaråk Anders Fortun (tlf . 91 87 00 44).

Med venleg helsing

for IL Fanaråk

Anders Fortun

Bakgrunn

Løpet følgjer den vanlege turruta til Fanaråken, og har deltakarklasse både for konkurranse og mosjon. Sidan 2010 har det vore gjeve løyve til gjennomføring av løpet for fem år om gongen. Gjennomføring dei neste åra vil vere slik praksis har vore dei siste 5 åra. Det vert søkt om løyve fram til 2025.

Motbakkeløpet vart arrangert første gong i 2003. Oppmerking vert gjort frå søndag til fredag,

der det vert sett opp skilt for høgdemeter og avstand til mål med merkeband og raude plaststolpar, i alt 160 stk., noko som vert gjort for å sikre at løparane finn stien utan problem. I nasjonalparken er det drikkestasjon ved 1600 moh. og ved 1800 moh. med søppelstativ ved dei to nemnde drikkestasjonane. Deltakarane blir gjort spesielt merksame på at løpet skjer i ein nasjonalpark. Arrangementet vert gjennomført etter prinsippet om at alt som ein tek med seg inn, skal ein ta med seg ut.

Rapportane frå løpa i 2015-2017 har vist ein nedgang i totalt tal deltakarar frå 365 til 222 og 239 deltakarar. I 2018 og 2019 var det ikkje forsvarleg å ha målgang på toppen på grunn av svært dårlege vèr-tilhøve, Alternativt løp mellom Fortun og Turtagrø vart gjennomført desse åra. Dvs. løpet vart ikkje gjennomført innanfor nasjonalparken. I 2020 vart løpet avlyst på grunn av covid-19.

| Løpsdato/år | Konkurransklasse | Mosjonsklasse | Totalt |
|-------------|------------------|---------------|--------|
| 2007**** | 250 | 100 | 350 |
| 2008 | 250 | 300 | 550 |
| 2009 | 230 | 240 | 470 |
| 2010*** | 166 | 402 | 568 |
| 2011 | 197 | 233 | 430 |
| 2012 | 220 | 330 | 550 |
| 2013 | | | |
| 2014 | 203 | 225 | 428 |
| 2015 | 181 | 185 | 365 |
| 2016 | 82 | 140 | 222 |
| 2017 | 109 | 130 | 239 |
| 2018* | - | - | - |
| 2019 | - | - | - |
| 2020** | - | - | - |

* I 2018 og 2019 vart løpet avlyst pga. svært dårleg vèr. Alternativt løp frå Fortun til Turtagrø vart gjennomført.

** I 2020 vart løpet avlyst pga. corona-pandemi.

*** I 2010 vart det innført avgrensing på tal deltakarar med eit tak på 400 deltakarar i konkurranseklassa.

**** I 2007 gav Fylkesmannen i Sogn og Fjordane løyve til å auke tal deltakarar i konkurranseklassa frå 300 til 500.

I 2007 gav Fylkesmannen i Sogn og Fjordane løyve til å auke tal deltakarar i konkurranseklassa frå 300 til 500, men i 2010 vart det innført avgrensing på tal deltakarar med eit tak på 400 deltakarar i konkurranseklassa. Siste åra løpet har vore gjennomført har det altså ikkje vore i nærleiken av den øvre grensa for tal deltakarar som vart sett i 2010. Det er søkt om vidareføring etter same opplegg som før, med gjennomføring i august månad.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltingsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg opp mot landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Formål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar) samt § 7(prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Formålet med Jotunheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Etter § 2 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark heiter det: «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging*».

I samsvar med verneforskrifta § 3, pkt. 5.2 om organisert ferdsel kan nasjonalparkstyret gi løyve til arrangement av typen det er snakk om her:

«*Organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, eller ferdselsformer som kan skade naturmiljøet, må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Forvaltningsplanen skal avklare kva for ferdsel som krev løyve.*»

Forvaltningsplan

I framlegg til forvaltningsplan frå 2008 er konkurransar definert som organisert ferdsel som krev dispensasjon frå verneforskrifta. Utkastet til forvaltningsplan har slik føring for organisert ferdsel: «*Følgjande punkt definerer når det må søkjast om særskilt løyve til organisert ferdsel (turar) til fots eller på ski:*

- *Organisert ferdsel som omfattar meir enn 50 personar pr. tur. Langs merkte stiar er grensa 100 personar pr. tur*
- *---*
- *Større treningsopplegg, øvingar, jaktprøver, arrangement og konkurransar (sjå kap. 8.10) må ha særskilt løyve (sjå verneforskriftene).*»

Det er elles slike generelle føringar for konkurransar og arrangement i planutkastet frå 2008: «*Slike arrangement har mykje positivt ved at deltakarane er på tur i verneområda. Ulemper kan vere knytte til uroing av dyre- og fugleliv, andre folk på tur i området, og eventuell slitasje, og i tillegg eventuell bruk av motorferdsel for å kunne gjennomføre arrangementet. Det er gjeve løyve til desse arrangementa m.a. på vilkår av at det ikkje blir nytta motoriserte hjelpemiddel unnateke til konkret skadetransport, og at dei er avgrensa i tid. At ein ikkje nyttar motoriserte hjelpemiddel skal og gjelde for andre tiltak det kan vere ønskjeleg å gjennomføre i samband med slike arrangement, t.d. pressedekning. Arrangementa i nasjonalparken må m.a.o. ikkje bli så store at arrangementet er avhengig av motorferdsel, og ikkje vere så store at dei vert uoversiktlege, då dette lett kan føre med seg slitasje og uro.- -»*

Forvaltningsplanen er under revisjon. I framlegg til forvaltningsplan frå 2008 er Fanaråken Opp lista opp som eitt av arrangementa som krev løyve etter verneforskrifta. I framlegget til forvaltningsplan heiter det vidare at det ser ut til at ei øvre grense på 300-400 deltakarar kan vere høveleg, fordi det då ikkje vert eit større arrangement. Slik vil arrangementet kunne gjennomførast utan behov for motorferdsel, og med mindre støy, høgtalarbruk o.l.. Vidare går det fram at arrangement er viktige fordi dei trekkjer friluftinteresserte folk til området, gjev god økonomi i reiselivet og kommunane, profilerer natur og verneområda. Arrangement og konkurransar som er komne i godt gjenge med eit opplegg som ikkje går utover verneverdiane, vil kunne få løyve for 5 år om gangen.

Følgjande retningsline er sett i forvaltningsplanen:

Omfanget av arrangement (medrekna eventuell motorferdsel) må ikkje gå utover verneverdiar og verneformål.

Tiltak:

Arrangementa Galdhøpiggen, Tinderittet, Fanaråken Duatlon, Vettisløpet og Bukkerittet vil få løyve ved søknad på visse vilkår. Arrangement skal ikkje bli så store og av ein slik karakter at dei krev motorferdsel for å kunne gjennomførast.

Følgje med og overvake verknaden på miljøet.

Naturmangfaldlova

Miljørettsprinsippa i Naturmangfaldlova §§ 8-12 vert vurdert i alle saker

.

Presedens

Følgjande arrangement/konkurransar har vore gjennomført i verneområdet dei siste åra:

- Galdhøpiggen - telemarksrenn ved Galdhøpiggen (vår) Ikkje arrangert etter 2017
- Telemarksrenn på Dyrhaugsryggen (vår, ikkje etter 2011)
- Sykkel- og turløpet Fannaråken Duatlon (sommar)
- Nasjonalparkfestival i Utladalen og Årdal m/ Vettisløpet (vår)
- Motbakkeløp Galdhøpiggen (første gong 2008, ikkje arrangert etter 2014)
- High Camp ved Turtagrø (delvis innafor nasjonalparken, vår)
- Besseggenløpet – gammalt turløp som vart starta opp att i 2011.
- Jotunheimløpet, sledehundeløp, mars/april
- sak 52/2017 til Xreid Norway AS for løpet *Xreid 2018*
- Raid des Trolls en Norvège 13.-15. august 2019.

Det er stor interesse for ulike arrangement i verneområdet. I tillegg har ein noko aktivitet med TV-produksjonar som t.d. 71 grader nord. For å unngå uheldig presedensverknad er det viktig å kanalisere arrangement til robuste delar av verneområdet, og halde forstyringane knytt til arrangement på eit lågast mogleg nivå. Ved løyve til arrangement i Jotunheimen og Utladalen blir det lagt vekt på at det ikkje bør nyttast motoriserte hjelpemiddel unnateke til konkret skadetransport, og at dei er avgrensa i tid og med full opprydding kort tid etterpå.

Vurdering

Fanaråken Opp har vore arrangert i 17 år, med unntak av dei åra løpet har vore avlyst pga. dårleg ver eller Covid-19. Arrangøren søker om løyve for ny periode frå 2020-2025. Løpet følgjer turløypa til Fanaråken frå Turtagrø, ei mykje nytta turrute.

I framlegg til forvaltingsplan frå 2008 er Fanaråken Opp lista opp som eitt av arrangementa som krev løyve etter verneforskrifta. Arrangementet går ikkje inn i vernesona Hurrungane, men er veldig tett på. Løypetraseen ligg i villreinområdet og kryssar villreintrekket. Fanaråken Opp er såleis eit arrangement «..som kan skade naturverdiane», og det er difor naturleg at arrangementet må vurderast etter verneforskrifta § 5.2 og verneformålet. Tidspunkt for gjennomføring påverkar effektane tiltaket kan ha på naturverdiane.

Området kring Fanaråken er mykje brukt i tursamheng særleg vår og sommar, med T-merkte stiar til toppen der den sommaropne betente DNT-hytta ligg. Tidlegare har det vore slitasje- og erosjonsproblem på stien mellom Turtagrø og Fanaråken, ovafor Ekrehytta. Det er lagt ned ein stor innsats i åra 2009 - 2012 på stien heilt frå anleggsvegen og opp mot Fannråken med steinsetting, drenering av vatn og revegetering av eroderte område der stien hadde sklidd ut. I tillegg er mange snarveggar mellom svingane stengt med steinmurar.

Situasjonen i området vil bli følgt nøye framover særleg om talet på deltakarar skulle stige. Det er viktig at arrangøren ser sitt delansvar her og legg føringar som er med på og redusere faren for slitasje både langs sjølve stien og på området rundt. Ut frå dagens situasjon er det vanskeleg å sjå at arrangementet medfører meirbelastning på stiar o.a. i form av slitasje så lenge deltakarane ikkje kan nytte piggsko. Slitasjen blir som ordinær turgåing. Det blir stilt vilkår om at deltakarane må halde seg til merka og tilrettelagt sti, dette er særleg viktig både

under sjølve løpet og ikkje minst nedatt, evt. at dei føl vintervegen då. Svingane på stien mot toppen skal merkast med synlege markørar og alle skal følge desse markeringane. Dette har arrangøren gjort tidlegare. Naudsynt merking skal fjernast straks etter gjennomføring av arrangementet.

Området blir vurdert av Statens naturoppsyn m.o.t. slitasje. Ferdselsteljar har vore plassert ut i Helgedalen i 2020 for å følgje med på utviklinga gjennom sesongen og over fleire år framover.

Løpet blir gjennomført i høgsesongen for turar i Jotuneimen. Jf. verneformålet (verneforskrifta § 2) skal ålmenta *ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging*. Det kan tenkjast at enkelte vil kunne oppleva motbakkeløpet som eit forstyrrende element på turen til Fanaråken, men forvaltninga har ikkje registrert negative tilbakemeldingar om dette.

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå Naturbase, lang forvaltingspraksis og kjennskap til området (naturmangfaldlova § 8). Ein konstaterer at gjennomføring av arrangementet ikkje vil føre til inngrep i landskapet av nokon art. Merkinga vil bli umiddelbart fjerna slik at tiltaket med merking av ruta er av forbigåande art. På det tidspunktet arrangementet vil bli gjennomført, er det lite villrein i området på grunn av høgsesong for turgåarar. Det er sett eit tak på tal deltakarar i konkurranseklassa for å unngå slitasje og uro, og løyvet føreset at det ikkje vert brukt motoriserte hjelpemiddel under og i samband med gjennomføringa av løpet, t.d. pressedekning. Ein reknar at kunnskapsgrunnlaget er godt og føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) vert difor ikkje vektlagt.

Forvaltingsmyndigheita har vurdert omsynet til verneverdiane i området, jf. verneforskrifta § 2, og meiner tiltaket med dei vilkåra som vert sett i løyvet for eit avgrensa tidsrom ikkje kjem i strid med verneverdiane eller verneformålet.

Arrangement vil ha positive ringverknader for lokalt næringsliv og kan også bidra til ei positiv profilering av nasjonalparken. Sjølv om tiltaket isolert sett i liten grad vil påverke naturverdiane, må søknaden vurderast etter prinsippet om samla belastning (naturmangfaldlova § 10). Ved vurderinga av samla belastning må Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernomsråde sjåast i samanheng. I arbeidet med revisjon av forvaltingsplanen må ein gjera ei totalvurdering av kor mange konkurransar/arrangement ein kan ha i nasjonalparken. Det bør her vektleggast at Fanaråken Opp er eit arrangement som er godt kjent utad og som etter kvart har ein tradisjon i Jotunheimen. Vidareføring eller gjenopptaking av tradisjonsrike arrangement kan bidra til å styrke den lokale forankringa, og bør kunne vere eit kriterium for sortering av arrangement som ein ønskjer å ha i nasjonalparken, dersom ein kjem til eit nivå der ein må prioritere. Det vil i så fall vere ein føresetnad at arrangementet ikkje kjem i strid med verneformålet. Per i dag er ein ikkje kjend med at det er planlagt nye eller gjenopptaking av tradisjonsrike arrangement utanom dei som er gjennomført siste åra.

Slike arrangement har vidare ein positiv effekt ved at dei får folk ut på tur for å oppleve naturverdiane, men dei kan også ha negativ påverknad på andre brukarar av verneområdet og naturverdiane. For å unngå for stor påverknad er det i forvaltingsplanen sett eit tak på tal deltakarar i konkurranseklassane. For Fanaråken Opp har denne grensa vore 400 deltakarar sidan 2010. Frå 2010 til 2017 var det mellom 166 og 203 deltakarar i konkurranseklassane. 2012 var året med flest deltakarar, også i konkurranseklassa, med 220 deltakarar det året. Då deltok 330 mosjonistar. Siste åra frå 2016 har tal deltakarar vore noko lågare, i 2017 deltok 109 i konkurranseklassa og 130 mosjonistar.

I 2013 behandla departementet ei klagesak knytt til tak på deltakarar på 300 for Besseggløpet i Jotunheimen nasjonalpark. Departementet la vekt på at det var viktig å halde på øvre grenser for slike arrangement, men bad nasjonalparkstyret vurdere eit høgare tak grunna den store trafikken over Besseggen. Sjølv om mange besøker Fanaråken kvart år,

er talet mindre enn over Besseggen og eit øvre tak på 400 i konkurranseklassa vert difor vurdert som formålstenleg (naturmangfaldlova §9 og §10).

Arrangørane av Fanaråken Opp har årleg sendt inn rapport frå gjennomføringa og det har vorte rydda raskt etter at arrangementet er over. Det er ikkje kome inn melding om uheldige sider ved tidlegare arrangement av Fanaråken Opp.

Med dei vilkåra som er sett i løyvet (naturmangfaldlova § 12), kan ein ikkje sjå at tiltaket vil føre til nokon skade på natur og miljø som krev erstatning (naturmangfaldlova § 11).

Etter ei konkret vurdering der nasjonalparkforvaltaren særleg har vektlagt at tiltaket ikkje strir mot verneformålet, og at tiltaket er av forbigåande art, så kan arrangement gjennomførast innanfor rama med dei gjevne vilkåra.

ST 8/2021 Eventuelt